



Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1753 - 16/8716

Saksbehandlar:
Irene Hystad Hugaas
irene.hystad.hugaas@meland.kommune.no

02.05.2016

Informasjon om søknad til Grasdal SFO hausten 2016

Det er tid for søknad til SFO skuleåret 2016 –17.

Søknadsfrist er 10.05.16.

Det vert berre høve til å søke elektronisk.

Det er lenke til søknadsskjema på heimesida til skulen www.minskole.no/grasdal og på www.meland.kommune.no

SFO er open kvar dag frå kl. 7.30-16.30 med unntak av dei timane elevane er på skulen.

De kan melde barna på etter kor mange timar de har bruk for.

Det er 3 betalingsattsar etter kor mange timar ein ynskjer.

Kort tid 1- 6 timar pr veke kr 815,- pr mnd.

Halv plass inntil 14 timar pr veke kr 1620,- pr mnd.

Heil plass inntil 23 timar pr veke kr 2500,- pr mnd.

Det er søskenmoderasjon med 25% for barn nr 2 og 50% for barn nr 3.

I tillegg kjem matpengar:

Kr. 30.- pr mnd. for ein dag i veka

Kr. 60.- pr mnd for to dagar i veka

Og så vidare til kr.150,- for 5 dagar i veka.

1.klasse sine start- og sluttider på timeplanen vert slik:

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
8.15-12.00	8.15-13.45	8.15-12.00	8.15-13.45	8.15-12.00

1.-3. klasse har 24 skuletimar pr. veke, og 4.kl har 26 timar pr. veke (ferdig kl. 13.45 måndag)

Dei andre klassane sine sluttider ligg som informasjon på heimesida.

www.minskole.no/grasdal.

OBS: På søknadsskjema er det berre høve til å velje heile og halve klokketimar.

(Dette er eit skjema som skal brukast på alle skulane med ulik start og sluttid.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Side 2

På Grasdal skule sluttar elevane i 1.klasse **kl. 13.45**, 3 dagar i veka. Då kan ein for eksempel sette sluttid kl. 15.00 i skjema, og **det tel 1,25 time**, sluttid 15.30 tel 1,75 timar osv. Dersom ein set sluttid kl.16.30, reknar vi 2,75 timar frå kl. 13.45 – 16.30.

Du må sjølv rekne ut kor mange timar du nyttar tilsaman pr. veke. Om morgonen tel ein tida til kl. 8.00. Då går alle ut og det er vakter ute.

Ein må velje alternativ for anten 10 eller 11 månader

Alternativ 11 månader:

Barna har tilbod om SFO plass heile året med unntak av juli månad og planleggingsdagar. Sjå skulerute for skuleåret 2016-2017 på heimesida.

Alternativ 10 månader:

Ein har **ikkje** tilbod om SFO plass:

- før skulestart i august.
- etter skuleslutt i juni.
- anten i haust- eller vinterferieveka. Foreldra kan velja kva for ei veke dei vil nytta her.

Ferie og fridagar

På skulen sine ferie og fridagar vert det eit felles SFO tilbod på ein av skulane. Er det mange nokpåmelde blir gruppa delt med ein base på Vestbygd SFO, for Rosslund og Vestbygd, og ein base på Sagstad SFO eller Grasdal SFO for Grasdal og Sagstad. Det vert sendt ut eigen påmelding til disse dagane.

Disse dagane betalar ein ekstra for dei timane som går ut over ordinær påmeldt tid.

Eksempel: Er det skulefri ein fredag, og de treng 6t den dagen betalar du for dei timane som er meir enn ditt barn er påmeldt om fredagen. Er det skulefri fleire dagar kan du legge saman timane dei dagane og bruke etter ynskje. (Dette gjeld sjølv sagt ikkje raude dagar i kalenderen)

I heile ferieveker betalar du for dei timane som går utover timesatsen ditt barn er påmeldt på pr.veke. Anten 6 timar, 14 timar, eller dei som har full plass betalar for timar utover 23.

Ekstratimar

Det er høve til å kjøpe ekstratimar i SFO dersom det er ledig plass.

Kr.50,- pr time for dei som er innmelde, og kr 150,- pr time for dei som ikkje er innmelde.

Oppseiingstida og endringstida er ein månad frå den 1. i påfølgjande månad.

Når ein har fått plass i SFO, har ein plassen til ein seier opp, eller til ein går ut av 4.kl.

Alle som søker før fristen, får plass.

Er det noko som er uklart, ta kontakt med skulen:

Rektor: tlf. 56175702

SFO-leiar tlf. 99297442 Tone Marie Moldrheim

Med helsing

Irene Hystad Hugaas
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Foreldre med elevar i 1.klasse
hausten 2016